

## Årsmelding for husmannsplassen Fluga 2018

**Året 2018** har vore eit aktivt år på husmannsplassen Fluga. Det absolutte høgdepunktet var besøket frå Canada.

Året 1886 var Johannes Johannesen Tang ein liten gut på 1 år. Han budde her på husmannsplassen Fluga saman med mor si Unni Olsdotter frå Brannmyr og faren Johannes Paulsen Tang frå Tuftene under Molland. Vesle Johannes hadde 3 brødre og ei søster på 4 år, samt to voksne halvbrødre. Så ein dag sommaren 1886 var stova på Fluga tom! Dei var alle utvandra til Amerika.

--- **Det går 132 år.**---

Så, sommaren 2018 kjem barnebarnet til Johannes, Sandra Tang til Fluga. Ho går inn i den same stova, sit ved det same vindauga ved klaffebordet i den same gamle kjøken ---saman med slektningar frå Hafslo. Med vassgraut på bordet og Kåre Alme som syng bordverset vart dette ei magisk stund.

Sitat frå mailen me fekk etter besøket: «*Vårt besøk på Fluga ble uforglemmelig!*»!

Brudebilete av Johannes Johannesen Tang og Bertha Mathea Thompson , gift 10.12 1913

*Sandra Tang på Fluga (Sandra i midten ved vindauga)*



## TAKK

Dei fleste som er i Fluganemndi no, kom til dekkabord, men me kan sjå og beundrar alt arbeidet som er lagt ned på denne husmannsplassen. Me skulle difor ha ønskt at ALLE som har brukt så mange timar her på Fluga kunne ha fått opplevd denne dagen. Me sender ein stor takk til alle saman. De har utført eit imponerende og verdifullt arbeid. Framleis er det mykje som kan og som bør gjerast. Potensialet er stort for kva plassen kan brukast til.



**5. mai** Besøk av 27 flotte 50-års konfirmasjonsjubilantar!

**29. mai** Syklubben Nattergalen hadde klubb der menyen var vassgraut, pote, spekesild og sildesalat: Ein av kommentarane var:

*«Eg kunne ikkje fått noko betre enn dette!»*



## Jubileum

**7. juli** Fluga hadde 10-årsjubileum for slåttedagen. Ein flott dag der me var så heldige å få husmannssoenen Kåre Øvregard som kosør. Me hadde 120 personar innom dørane, det var rikeleg med rømmegraut og flott musikk både til maten og slåtten.



**5.september** Som takk for all dugnadsinnsatsen bad me inn til rømmagraut-restafest. Heile 21 gjester klarde me plassera i stova. Dette gjorde me også for å visa det potensialet som ligg her på Fluga med tanke på eventuelt bruk til enkle samkomer.

## Søndagsope

Søndagane me hadde ope hadde bra besøk. Meir markedsføring gav eit resultat på 56 besøkande.

## Barnehagebesøk

### 9. og 12. november

Me hadde to flotte dagar på Fluga saman med Hafslø Barnehage og ønskjer dei gjerne velkomne på besøk også i 2019. På slike dagar kan ein sjå verdien av ein plass som Fluga. Me viste dei tissepotta og prøvde forklara så godt me kunne korleis denne fungerte, då kom denne kommentaren: «Ja men kvar er det du skyller ned då»?



## Arbeid og innkjøp utført på Fluga i 2018.

- Måla deler av fjøsen.
- Lagra alt dekketøy i kassar.
- Tømt løa og fått samla slåttreiskapen der.
- Rydda «verktøyrommet» i fjøsen.
- Sett opp båsskille i fjøsen.
- Takrenne over bislagdøra og reparert døra inn i bislaget.
- Reparert kjøkenbordet.
- Rekkverk opp til loftet.
- Nye benkjer ute.
- Liten reparasjon på turken.
- Mange timar med plenklippar. Generelt vedlikehald og reinhald.
- Kjøpt ny slåmaskin/plenklippar.

## Oppgåver for 2019

- Arbeida vidare med stabburet, eventuelt jekka det opp og leggja heller på pålane
- Ny troehes
- Kanskje ei seng til på soverommet
- Behandle nordsida av stovehuset . Der er stor fuktigheit og veggene blir angripne av sopp
- Rydda andre sida av veggen under huset til Torvald Moen
- Opne opp peisane
- Kva kan gjerast med pipa slik at det går an å fyra i peisane?
- Samordne alle papir om Fluga, både historien og rehabiliteringen av plassen
- Årleg vedlikehald og reingjering
- Samarbeid med 4H. Fylkesleir i Juni.

## Dugnad

Folk er flinke til å møta opp på dugnad noko ein kan lesa ut av lista over kva som er gjort det siste året. Fluganemndi vil gje ein spesiell takk til Svein Øygarden for fantastisk innsats på Fluga! Me vil og takka Mats på SPAR som hjelper oss med plakatane—alltid med alt for kort tidsfrist. Sist men ikkje minst; Tusen takk til styret i Hafslo Sogelag for velvilje, inspirasjon og positiv innstilling til gode og mindre gode idear! Takk til alle som har bidrege i eit godt arbeidsår!

Samla dugnadstimar har vore 326.

Gjesteboka visar 250 namn innom året 2018

Hafslo 17. januar 2019

Fluganemndi: Astrid Heggstad, Wenche Moe, Svein Øygarden, Svein Haugen og Olav Grøteig.